



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato
02.10.2014
Dykkar dato
02.09.2014

Vår referanse
2014/10635 721.0
Dykkar referanse
14/2016

Arbeids- og sosialdepartementet
postmottak@asd.dep.no

Høyringsvar til framlegget om ta inn ein regel i sosialtenestelova om at barns inntekt frå arbeid på fritid og feriar ikkje skal reknast med ved vurdering av sosialstønad til familien

Fylkesmannen viser til høyringsbrevet av 2. september i år. Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å endre lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (sosialtenestelova) slik at Nav-kontora som hovudregel ikkje skal rekne med heimebuande barns inntekt frå arbeid på fritid og feriar ved vurdering eller utmåling av sosialstønad til familien.

Innleiingsvis vil vi informere om at Fylkesmannen ikkje har erfaring for at Nav-kontora i vårt fylke reduserer sosialstønaden til familien dersom skulebarn har inntekt på fritida og i feriar.

I juni 2012 la Arbeids- og velferdsdirektoratet fram eit rundskriv der dei tolkar og presiserer innhaldet i sosialtenestelova. I dette rundskrivet slår direktoratet fast at Nav-kontora ikkje skal rekne med inntekter som barn har frå kvelds- og laurdagsjobb ved sida av skulen og heller ikkje pengegåver som barn får til gebursdag, konfirmasjon og liknande. Direktoratet presiserer at barns inntekt frå arbeid på fritida «*vil normalt gi barnet ekstra lommepenger, og skal ikke føre til at foreldrene ikke mottar stønad for barnet*», sjå punkt 4.18.2.30 i rundskrivet.

I tida etter at rundskrivet vart lagt fram arrangerte Fylkesmannen fleire dagssamlingar med opplæring i rundskrivet for Nav-kontora i Hordaland, og vi informerte då om lovforståinga i rundskrivet når det gjeld barns inntekt. Vi har i denne samanheng ikkje fått tilbakemelding frå noko Nav-kontor om at dei praktiserer lova annleis. Dei Nav-tilsette vi har vore i kontakt med har vore samde i lovforståinga i rundskrivet.

Slik vi ser det sikrar rundskrivet i praksis dei omsyn som departementet no vil lovfeste.

Spørsmålet om beløpsgrense

Høyringsnotatet skisserer to alternative endringar i lovteksten, ei formulering utan beløpsgrense og fleire alternative formuleringar med ei bestemt beløpsgrense. Etter vår vurdering vil alternativet med inga beløpsgrense vere mest føremålstenleg. Som departementet skriv i høyringsnotatet vil kommunane då ha større fridom til å kunne vurdere kvar sak individuelt og konkret. Dersom departementet finn det føremålstenleg å rettleie kommunane ved å beløps

feste ei felles inntektsgrense, vil departementet kunne gjere dette i dei årlege rundskriva med rettleiande sosialhjelpssatsar.

Med helsing

Signe Marit Stephanides
fung. fylkeslege

Øystein B. Jacobsen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til Fylkesmennene